Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

| Vår dato | Vår referanse |
|---|---|
| 23.05.2014 | 2014/6497 |
| Dykkar dato | Dykkar referanse |
| «REFDATO» | «REF» |

Kommunane i Hordaland v/
barnehagemyndigheten

**Brukar barnehagar / kommunar kvalitetsverkty?**

Utdanningsdirektoratet har nyleg sett i gang prosjektet «Kvalitet i barnehagen» 2013-2017. Målet er å utvikle eit nasjonalt kvalitetsverkty for barnehagane. Prosjektet skal følgje med på kvaliteten i barnehagesektoren og identifisere område der kvaliteten kan betrast.

Prosjektet planlegg ein konferanse for deltakarar frå Hordaland, Sogn- og Fjordane, Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder. Konferansen skal haldast i Kristiansand den 9.-10. desember 2014. Temaet er bruk av kvalitetsverkty i barnehagen. Erfaringar og synspunkt ved bruk av kvalitetsverkty.

Fylkesmannen prøver å finne fram til barnehagar eller kommunar som brukar kvalitetsverkty og som kan tenkje seg å dele sine erfaringar på denne konferansen.

Vi spør med dette om de kan hjelpe oss med slik informasjon. Fylkesmannen vel ut inntil 12 ulike bidrag frå Hordaland til å presentere på konferansen. Utgifter til reise og opphald blir dekka for deltakarane.

Vi spør etter:

**Kort om kvalitetsverkty som barnehagen / kommunen brukar**

1. **Når blei verktyet tatt i bruk**
2. **Kort om erfaringar**
3. **Barnehagen sitt namn og kontaktinformasjon**
4. **Namnet på den / dei som vil presentere**

Vi har behov for å få tilbakemelding innan **6. juni 2014.**

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Statens hus
Kaigaten 9, 5020 Bergen
Telefon: 55 57 20 00
Telefaks: 55 57 28 51

Utdanningsavdelinga
Postboks 7310, 5020 Bergen
Org.nr: 974760665

E-post:
postmottak@fmho.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/hordaland